

Utdanningsforbundet ved Sevland skole si uttaling som gjeld endringar i inntaksområda for skolane i sone 2.

Utdanningsforbundet ved Sevland skole er positive til endringane som er føreslått i høyringsbrevet. Me har ein god og trygg skole for elevar og tilsette. Eit utvida elevtal kan vera positivt for både det pedagogiske og det sosiale miljøet for vaksne og barn. Me kan få eit utvida fagmiljø og ny kompetanse. Elevar kan få eit større utbytte sosialt når dei har fleire å spele på.

Med eit høgare elevtal vil me også få nokre utfordringar som me ønskjer må bli tatt omsyn til.

*I høyringsutkastet blir det hevdat at alle klasseromma ved skolen kan ha 24 elevar. For eit par av romma trur me dette vil fungere dårlig og det blir liten plass til kvar elev.

* Enkelte garderobar ved klasseromma kan bli for små.

* For få toalett og vaskar i klasserom i forhold til elevtalet.

*Området til parkering slik det er i dag blir for lite.

*Henting og bringing av elevar kan bli vanskelegare å halda oversikt over, bli meir trafikkfarleg.

*Kva skjer med «Velkomstklassen» som er ved skolen i dag, her er dei fleste elevane frå Åkra-området.

*Vil me få ei gradvis overføring av elevar eller vil dette vera endringar som skjer på alle trinna for skoleåret 2021/2022? Me ønsker å kunne ta i mot elevane på ein god måte og håpar då at skolen er klargjort til overføringa.

***Vil nokre av dei lærarane som er tilsette ved skolen i dag kunne miste plassen for lærarar med lengre ansiennitet frå skolar som får lågare elevtal?**

Mvh Utdanningsforbundet

ved Sevland skole

Anne Lindeflaten

